

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/18	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	24.01.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Torbjørn Helgeland	14/356

## 14/379 - Hatland - Fylkesmannen ber om ytterlegare opplysningar - gjeld vurdering av habilitet

### Vedlegg:

Ber om ytterlegare opplysningar - Byggesak - Osterøy - Gnr 14 bnr 379 - Hatland - Oppføring av einebustader - Utnyttingsgrad

Ber om ytterlegare opplysningar - Byggesak - Osterøy - Gnr 14 bnr 379 - Hatland - Oppføring av einebustader - Utnyttingsgrad

14/379 - Hatland - Søknad om løyve til tiltak - 2 rekkjer med 4 einebustader i kvar rekkje - søknad om dispensasjon - utnyttingsgrad - klage

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Plan- og kommunalteknisk utval sine vurderingar om Atle Solberg sin habilitet i møte den 27.09.2017 saksnr. 116/17 var: ....."

## Plan- og kommunalteknisk utval - 005/18

### PL - behandling:

Atle Solberg, H, tok ikkje del i møtet ved handsaming av denne saka, jfr. utvalet si handsaming 29.11.17, sak 147/17 - Turid B. Njåstad, SP, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Nestleiar Øyvind Litland, AP, overtok som møteleiar.

-----  
Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Utvalet erkjenner at det var ein feil å vurdere utvalsleiararen habil i handsaminga av denne saka. Vurderinga til mindretalet var tufta på forvaltningslova §6 bokstav b. Så lenge broren er ein part i ei sak, og vil ha fordeler eller ulemper med verknadene av eit vedtak, skulle Atle Solberg reist spørsmål med sin habilitet. Brørne arbeider trass alt i lag og har jamnleg kontakt. Fleirtalet sitt vedtak vart mellom anna tufta på at rådmannen vurderte Atle Solberg som habil. Dette skulle ikkje vore gjort, då det ikkje er rådmannen som skal vurdere habiliteten til medlemmene. Denne oppgåva er lagt til utvalet."

### AVRØYSTING - habilitet

Oppretthalda vedtaket i sak 116/17 om at Atle Solberg, H,  
var gild i saka - 4 røyster (1AP,1SP,2KRF)

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - 3 røyster (3FRP)

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Grunngjeving for å kjenna Atle Solberg gild: "Brev av 21.03.2011 gjeld privatrettslege tilhøve som kommunen ikkje har teke stilling til. PT-sak 116/17 gjeld søknad om utnyttingsgrad på tomten. Utvalet kunne difor ikkje sjå at broren er part i denne saka, og utvalsleiar vart difor kjend gild i h.t. fvl. § 6, bokstav b. Utvalet vurderte heller ikkje at det låg føre

ugildskap etter fvl. § 6, 2. ledd, då løysing for privat fellesveg ikkje var til handsaming/vurdering, og avgjerda i saka ikkje ville ha betydning for vegspørsmålet."

#### **AVRØYSTING**

Øyvind Litland sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster (1AP,1SP,2KRF) mot 3 røyster (3FRP)

#### **PL - vedtak:**

"Plan- og kommunalteknisk utval sine vurderingar om Atle Solberg sin habilitet i møte den 27.09.2017 saksnr. 116/17 var: Brev av 21.03.2011 gjeld privatrettslege tilhøve som kommunen ikkje har teke stilling til. PT-sak 116/17 gjeld søknad om utnyttingsgrad på tomten. Utvalet kunne difor ikkje sjå at broren er part i denne saka, og utvalsleiar vart difor kjend gild i h.t. fvl. § 6, bokstav b. Utvalet vurderte heller ikkje at det låg føre ugildskap etter fvl. § 6, 2. ledd, då løysing for privat fellesveg ikkje var til handsaming/vurdering, og avgjerda i saka ikkje ville ha betydning for vegspørsmålet."

#### **Saksopplysningar:**

##### **Saksopplysningar:**

##### **Bakgrunn**

Ansvarleg søkjar: Bergan Bygg AS, Flatevad, 5282 Lonevåg

Tiltakshavar: Bergan Eiendom AS, Flatevad, 5282 Lonevåg

Klagar: Åse Guri Larsen, Hatland, 5282 Lonevåg motteke 03.07.2017.

Klagar: Advokatfirmaet Høgseth DA motteke 30.06.2017.

#### **Handsaming av klage i møte 27.09.2017 saksnr. 116/17**

Fylkesmannen i Hordaland ber i brev av 13.12.2017 om at kommunen gjer greie for dei vurderingane som ligg bak konklusjon om at utvalsleiar Atle Solberg var habil i møte 27.09.2017 saknr. 116/17.

#### **Utskrift frå møteboka:**

Plan- og kommunalteknisk utval - 116/17

Atle Solberg, H, tok opp spørsmål om gildskap for sitt vedkomande då bror hans, Terje Solberg, er nabo til prosjektet og at klagar har teke dette opp - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Turid B. Njåstad, SP, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Torunn Åsheim, AP, overtok som møteleiar, jfr. vedtak om val av setjemøteleiar i starten av møtet.

## AVRØYSTING - gildskap

Atle Solberg vart kjend gild med 5 røyster (2AP, 1V,1KRF, 1SP) mot 2 røyster (2FRP).

Utvalet fann ikkje at det låg føre ugildskap for utvalsleiar etter fvl. § 6, 1. eller 2. ledd, då ein ikkje fann at broren sitt initiativ i høve til privat fellesveg i 2011 var relevant i høve til handsaminga av klagesaka.

-----

Atle Solberg, H, kom tilbake og Turid B. Njåstad gjekk frå møtet- 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----

Rådmannen opplyste om nytt brev datert 26.09.17 frå adv.fa. Høgseth v/adv. Jakob Bentsen og dette vart delt ut før utvalet si handsaming av saka.

-----

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Klagen vert teken følgje. Saka er ugyldig."

Grunngjeving: Saka har tidlegare vore handsama utan at leiar i utvalet har gjort det kjent at han har ein bror som har interesser i saka. Difor må føregåande vedtak opphevast og handsaminga starte på nytt. Vedkomande sat som nestleiar i utvalet i førre periode, og har såleis vore med og handsama denne saka i ei årrekkje utan å informere utvalet om dette.

## AVRØYSTING

### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (1H,2AP,1V,1KRF)

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - 2 røyster (2 FRP)

PL - vedtak:

*"Klage motteke 30.06.2017 og 03.07.2017 vert ikkje teke til fylgje, og kommunen sitt vedtak av 31.05.2017 saknr. 064/17 om å gje dispensasjon frå utnyttingsgrad til TU% = BRA% = 31,3% for oppføring av 2 rekkjer med fire einebustader i kvar rekkje på gnr. 14, bnr. 379, Hatland vert oppretthalde. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-*

*9, jf. forvaltningslova § 33".*

**Vurdering**

Plan- og kommunalteknisk utval må handsama førespurnaden frå Fylkesmannen i Hordaland av 13.12.2017.